

Den kulturelle spaserstokken i Møre og Romsdal – Produksjonsforslag 2023

Her er liste med forslag til kulturtilbod det går an å nytte i den kulturelle spaserstokken. Dette er produksjonsforslag som utøvarane sjølv har sendt til Møre og Romsdal fylkeskommune for at dei skal bli formidla vidare ut til kommunane. Om de treng nærmere informasjon om produksjonane, til dømes om pris, tekniske behov eller innhald, tar de kontakt med utøvarane. Kontaktinformasjon står under produksjonspresentasjonane. Hugs at reisegodtgjersle og eventuelle andre utgifter til transport og opphold kjem i tillegg til honoraret.

Vi håpar programforslaga kan vere til inspirasjon og at de finn noko de vil bruke for den kulturelle spaserstokken i dykkar kommune.

Ta gjerne kontakt om de har synspunkt, spørsmål, ønske for framtidige programforslag, eller om de kjenner til produksjonar som bør vere med i neste oversikt.

Lykke til med arrangementa.

Innhald

Den kulturelle spaserstokken i Møre og Romsdal – Produksjonsforslag 2023	1
Djupdykk blant mystiske vesen i blåmyra	3
Fiskarkona og døtrene hennar	4
Ro – ei konsertforteljing	5
Gunnar på Mo – humorforestilling.....	6
Svein Sæter – Hemmeleg helt	7
Svein Sæter – Kongen av Spitsbergen	8
Svein Sæter – Krig. Mor. Bror.....	9
Svein Sæter – Vårsøg.....	10
Borgund, byen som forsvann – frå ein arkeolog sin synsvinkel	11
Møbeleventyret på Sunnmøre – Viti.....	12
Dansekonsert med Særsvip.....	13
Nordvestlandsk felespel – Kviven duo	14
Nye Tafjords kvartett – konsert.....	15
Elskovsdrikken – en miniopera.....	16
Øya mi – Karoline Isaksen og Vasco Pinhol	17
Humøre og Romsdal på tur	18
En ramme av kjærlighet	19

Djupdykk blant mystiske vesen i blåmyra

I denne forteljarframsyninga får tilhøyrarane stifte kjennskap med eit utval av den underlege, undersjøiske, overjordiske skapningane vi må ut i det ville havgapet på Sunnmørskysten for å få auge på. Slike som Kraken, Draugen, Havbokkjen, Marmælen og Margygra.

Vitnesbyrd om truverdige sjøfolk sine møte med desse underlege og mektige skapningane, får publikum og lære litt av kvart om gamle merke på godt og ringt fiske, og om magi som fremjar lykke eller tvert imot kan føre til ulykke til havs. Segntradisjonane og folketrua om dei løyndomsfulle kreftene tilknytt det blå djupet har vore levande blant kystfolket heilt opp til vår nære fortid. For å rå med naturkreftene har det å kunne lese merka i naturen, veret, vinden og sjøen til alle tider vore livsviktig kunnskap i kystfolket sin kamp for tilveret. Ein kunnskap vi moderne menneske og kanskje har noko å lære av? Kraftfulle historier er det i alle fall. Velkommen til ein time med garantert sjøgong.

Pris: Etter avtale

Lengd på framsyninga: 45 minutt

Tekniske krav: Golvplass 3 x 3 meter. Lerret til projektor.

Kontakt: Guri Aasen

Telefon: 936 06 715

E-post: guri-aas@online.no

Fiskarkona og døtrene hennar

Kven hadde ho vist seg å vere tru, skulptør Tore Bjørn Skjølsvik si fiskarkonestatue på Vågsplassen i Fosnavåg, om ho kunne tre ned av sokkelen og fortelje oss om livet sitt?

Gjennom ei samling minneforteljingar frå tidsrommet 1860 til 1960 vil forteljar Guri Aasen gjennom ord og tonar bere til torgs både fiskarbonden og tenestetause, budakokka og kverkejenta.

Forteljerframsyninga har vekse fram frå skriftlege lokalhistoriske kjelder og gjennom samtaler med 30 kvinner og menn i alderen 48 -104 år, alle med solid handlingsbåren kunnskap.

Pris: Etter avtale

Kontakt: Guri Aasen

Telefon: 936 06 715

E-post: guri-aas@online.no

Ro – ei konsertforteljing

Forfattar Sigri Sandberg har rodd inn Sognefjorden i ein gamal trebåt. I denne førestillinga får du høre utdrag frå boka hennar om den lange roturen heim.

Og medan Sigri ror og fortel dreg dei dyktige cellistane Kari og Ingvild Nesdal Sandnes boger over sine strenger. Dei spelar både Bach og folketonar, og det på ein slik måte at det berre er å lukke augo, gi seg over og bli med på ferda.

Kari Nesdal Sandnes (f 1989) og Ingvild Nesdal Sandnes (f 1987) er frilans cellistar. Søstrene er aktive både som solo-, kammer- og orkestermusikarar, og dei liker å arbeide på tvers av kunstarter og sjangrar. Dei jobbar også tett med fleire komponistar.

Sigri Sandberg (f 1975) er journalist, forfattar og forteljar, ho har vore tilsett i store, norske aviser og gitt ut mange bøker, dei fleste handlar om natur, nord og menneske.

Pris: 5000 kroner pr. pers pr framsyning/dag (maks 2 per dag), pluss reise og opphold

Lengd: 30 min

Utstyr: Ein mikrofon (helst trålaus), tre stolar, (evt. projektor og lerret til å vise bilete i bakgrunnen, men dette er ikkje naudsynt)

Kontakt: Sigri Sandberg

E-post: journalist@sigri.no



Gunnar på Mo – humorforestilling

En forestilling med humor, sang og dans med de eldre som målgruppe.

Stykket baserer seg på kjente og kjære revysanger fra 30-70-tallet.

Publikum møter ungkaren og vandringsmannen Gunnar på Mo, inspirert av Prøysens Tango for To.

Han er ikke fremmed for en flørt, men takker for seg når han hører refrengen om ringer og giftemål.
Men hva skjer når gårdsjenta Hilma og byjenta Mari avslører dobbeltpillet hans?

Med humor, dans og sang tar vi med publikum på en nostalgisk reise tilbake til deres egen ungdomstid. Og kanskje får damene i publikum et blink fra Gunnar og mannfolka en svingom med Hilma eller Mari?

Vi håper du vil dele Valentinsdagens med oss, hvor vi hedrer romantikken med både dens lengsler og gleder.

Utøvarar er: Mattis Johannessen, Ane Eikemo Røsbak, Christine Leer-Salvesen og Per Myrstad
Klingen

Pris: 5342 pr utøvar per dag.

Lengd: 60 min

Stad: Passar for kulturhus, bibliotek, sjukeheim og utandørs

Maks to framsyningar per dag

Kontakt: Christine Leer-Salvesen

E-post: christine.leer.salvesen@gmail.com

Svein Sæter – Hemmeleg helt

Knut Haugland deltok på verdas mest kjende sabotasjeaksjon, tungtvatnaksjonen mot Nazi-Tyskland sitt atombombeprosjekt. Etter krigen deltok han på verdas mest berømte ekspedisjon ombord på Kon-Tiki over Stillehavet.

I boka Operatøren har forfattar Svein Sæter fortalt Knut Haugland si historie om eit eventyrleg liv og om kva ressursar som finst i mennesket.

Produksjonen Hemmeleg helt byr på eit fengande møte med forfattaren Svein Sæter som gir ei oppleving de seint vil gløyme.

Pris: 5342 per dag, i tillegg kan det kome reise, diett og opphold

Lengd på produksjonen: 60 minutt

Tekniske krav: Projektor og lerret

Kontakt: Svein Sæter

Telefon: 478 47 017

E-post: svein@blomsterhaug.no

Svein Sæter – Kongen av Spitsbergen

Midt under den andre verdskrigen blir eit stort stykke Norge frigjort frå Nazi-Tyskland. Det er Svalbard. Operasjon Fritham blir leia av Einar Sverdrup, som sjølv blir drepen under kampane.

«Kongen av Spitsbergen» er historia om livet til gruvedirektøren Einar Sverdrup: om Svalbard, om det unge Norge, om galskapen i å drive gruver i Arktis, om kamp mot nazismen og om den ukjente frigjeringa.

Møre og Romsdal er nært knytt til Svalbards historie, og til Einar Sverdrup. Mange av pionerane innan fangst og gruvedrift kom frå fylket vårt. Det same gjorde mange tilsette i Store Norske Spitsbergen Kulkompani, som Sverdrup var direktør for.

Kåseriet byggjer på boka med same tittel. Forfattaren Svein Sæter fortel den sterke historia med støtte i unike fotografi og filmopptak.

Pris: 5342 per dag, i tillegg kan det kome reise, diett og opphold

Lengde på produksjonen: 60 minutt

Tekniske krav: Projektor og lerret

Kontakt: Svein Sæter

Telefon: 478 47 017

E-post: svein@blomsterhaug.no

Svein Sæter – Krig. Mor. Bror.

November 1943. I same natt blir to brør tatt og torturert av Gestapo; Milorg-leiar Ottar Haugland på Notodden, tungvannssabotør Knut på Kongsberg. Knut gjennomfører ei farefull flukt. Ottar svelgjer ein blåsyretablett for å ta sitt eige liv.

Heime på Rjukan dør far Olaf i ei meiningslaus ulykke. Mor Gunnhild begynner å skrive dagbok, i sorg og angst og kamp for gutane sine.

For Ottar får eit liv etter sjølvordspilla. Eit liv i dødsleiren Stutthof. Der finn han blyant og papir. I kampen for å overleva barbariet har fangane berre eitt våpen: solidaritet.
«Krig. Mor. Bror» er ei lysande historie om den mørkaste tida i menneskets historie.

Pris: 5342 per dag, i tillegg kan det kome reise, diett og opphold

Lengde på produksjonen: 60 minutt

Tekniske krav: Projektor og lerret

Kontakt: Svein Sæter

Telefon: 478 47 017

E-post: svein@blomsterhaug.no

Svein Sæter – Vårsøg

Frå han var liten bar han på ein sterk draum om å skrive. Framsyninga *Vårsøg* fortel korleis han oppfylte draumen, mot alle odds. Han vokste opp i fattigdom, i ei tid da det var kroppsarbeid som talte. Skriving vart sett på som «tull og yrkesløyse».

Korleis greidde han å oppfylle draumen? Ved hjelp av vårsøget. Ordet femner lyden av vår: «susing av vind og rennande vatn om våren». Samtidig rommar det ei rik, indre tyding: eit håp, ei glede, ei framtidstru, ei kraft.

Historia om Hans Hyldbakk er samtidig ei vandring i norsk historie på 1900-talet. Vandringa begynner heilt tilbake i menneskets første tid: Kor kom språket frå? Når oppstod skriftspråk?

Det å uttrykkje seg skriftleg vart så sterkt for nokre menneske, at det var den einaste livsvegen dei kunne velje. Hans Hyldbakk var eit slikt menneske.

Pris: 5342 per dag, i tillegg kan det kome reise, diett og opphold

Lengde på produksjonen: 60 minutt

Tekniske krav: Projektor og lerret

Kontakt: Svein Sæter

Telefon: 478 47 017

E-post: svein@blomsterhaug.no

Borgund, byen som forsvann – frå ein arkeolog sin synsvinkel

Byen Borgund var ein relativt stor by etter mellomalderen sine mål. Tala varierer, men somme meiner der kan ha budd eit par tusen menneske eller meir, på det meste.

Etter svartedauden kan det sjå ut som byen mista litt av posisjonen sin. I løpet av dei neste par hundre åra forsvinn den ut av historia, og tidleg på 1500-talet ligg Borgundkaupangen øyde.

I 1912 vart det under nyrydding oppdaga rester av ei bygning, og dette førte til dei første utgravingane. Dette blir rekna som den første faglege mellomalderutgravinga i Noreg.

I perioden mellom 1954-1983 var det 20 sesongar med utgravingar, 5300 m² av området er gravd ut, og det er funne over 45 000 gjenstandar.

Korleis les vi funna og kva seier den nye forskinga?

Foredragshaldar: Arkeolog Heidi Albertinesdatter Haugene frå Viti

Lengde på produksjonen: 30 minutt

Tekniske krav: Projektor og evt. talemikrofon

Pris: 6000 kroner, pluss reise, diett og evt. overnatting

Kontakt: Heidi Albertinesdatter Haugene - heidi@vitimusea.no



Møbeleventyret på Sunnmøre – Viti

Møbelhistorikar Eldar Høidal fortel om korleis møbelindustrien vokser fram på Sunnmøre frå den spede starten med korgvareproduksjon på Langlo på Stranda i 1908 til i dag då Sunnmøre er kjerneområdet for norsk møbelproduksjon, med nokre av dei største og mest kjende bedriftene som Ekornes og Brunstad i Sykkylven, ForaForm i Ørsta og Slettvolle på Stranda. Historia vert fortalt gjennom ord og bilete.

Foredragshaldar: Eldar Høidal frå Viti

Lengde: 60 minutt

Tekniske krav: Projektor og evt. talemikrofon

Pris: 6000kr, reise og evt. overnatting

Kontakt: Eldar Høidal - eldarh@vitimusea.no



Dansekoncert med Særsvip

Gruppa Særsvip spelar og dansar lokal folkemusikk frå ulike stadar i Møre og Romsdal. Fele og trøorgel kling godt saman i livlege springarar, polka og reinlender, men og i vare folketonar og viser. Kanskje får publikum høve til å bevege seg litt til musikken?

Særsvip består av:

Britt Elise Skram på feler

Jon Inge Leira Bjørningsøy på trøorgel


Anna Gjendem er med som dansar

Lengde på produksjonen: 40 minutt

Pris: 12000 kroner pluss reise

Kontakt: Anna Gjendem

E-post: anna@gjendem.net



Nordvestlandsk felespel – Kviven duo

Våren 2020 platedebuterte Kviven duo med albumet «Kvakksalvar-Guri». Her framfører felespelarane **Britt Pernille Frøholm** (Hornindal) og **Jorun Marie Kvernberg** (Volda/Fræna) gamle danseslåttar frå Nordfjord og Sunnmøre med ein djervskap og energi som gjer musikken høgaktuell.

Slåttane dei brukar har i seg ein nerve og ei framdrift utover det vanlege. Utan å gå på kompromiss med tradisjonen kastar Frøholm og Kvernberg nytt lys over musikk som har levd i området i fleire hundreår. Det musikalske utgangspunktet er tradisjonelle feleslåttar frå Nordfjord og Sunnmøre generelt, Hornindal og Volda spesielt - bygder som dei to utøvarane har sterk tilknyting til.

Lengde på produksjonen: 35 til 45 min

Pris: 5342 kroner per utøvar, per dag kroner pluss reise, diett og overnatting

Kontakt: Jorun Marie Kvernberg

E-post: jorun@kvernberg.com



Foto: Kristin Støylen

Nye Tafjords kvartett – konsert

Denne konserten tek utgangspunkt i populærmusikken frå 1950 og 1960 talet. På denne tida fekk ein for alvor inn musikk frå utlandet, ikkje minst til vestlandet via sjøfolk, som vart vidareformidla av danseband. Slik fekk publikum tilgang til eit svært allsidig repertoar som vart allemannseige.

Produksjonen med Nye Tafjords kvartett møter publikum fire musikarar som både har ein forkjærleik for det opphavleg og en evne til å sette musikken inn i vår samtid.

I konserten spelar vi også saman med den opphavelige Tafjords kvartett, der vi har henta og samplet gamle innspelingar frå gamle NRK-opptak.

Produksjonen kan passe både på store og små scener. Vi kan spille i kulturhus, men kan også tilpasse framstykkinga til mindre arena.

Vi tek med ein projektor, der det er mogleg, for å vise tidsbilete.

Musikarane er:

Terje Tafjord på klarinett, saxes og trekkspel

Runar Tafjord på horn, bass og trekkspel

Stein Erik Tafjord på tuba, bass og trekkspel

Elias Tafjord på slagverk og perkusjon

Lengde på produksjonen: 45 minutt

Tekniske krav: Vil variere på lokalar som nyttast. Konserten kan tilpassast ulike lokalar. Ta kontakt med utøvar for å avtale.

Pris: 5151 kroner per musikar per arbeidsdag. Til saman for 4 musikarar: 20 604 kroner. I tillegg kjem statens diettsatsar, reise og overnatting.

Kontakt: Stein Erik Tafjord

Telefon: 95004886

E-post: stein.erik@me.com

Elskovsdrikken – en miniopera

Elskovsdrikken er en av de mest kjente komiske operaene. Nemorino er forelsket i Adina, og finner en magisk elskovsdrikk som skal hjelpe ham med å vinne Adinas hjerte. Denne drikken er bare vanlig solbærsaft, men, som vi alle vet, kommer man langt med selvsikkerhet. Alt ender godt til slutt!

Dette er en forestilling med dans, sang, kostymer, rekvisitter og musikk fra operaen Elskovsdrikken, andre kjente operaer, samt kjente sanger og viser. Alt synges på norsk, og det er lagt inn allsang så alle kan syng med.

Utgøerne Stephanie Lippert og Hallvar Djupvik har turnert i spaserstokken med flere forestillinger. De kombinerer høy kunstnerisk kvalitet, leken formidling og god kontakt med sitt publikum.

Pris: 10 000kr for en dag + reise. Maks to konserter per dag.

Hjemmeside: www.djupviksong.com

Email: info@djupviksong.com

Telefon: 40462401



Øya mi – Karoline Isaksen og Vasco Pinhol

Kvart menneske er ei øy, seies det. Og vi bygger mange bruer mellom oss gjennom eit liv.

Karoline Isaksen og Vasco Pinhol er ein duo som uttrykker seg gjennom musikk, tekst og visuelle stemningar. I ein dempa jazzete stil, tolkar dei songar frå svært ulike sjangrar, i tillegg til å lage eige materiale. Dei har også oversett fleire songar frå portugisisk til norsk, noko som har ført til at dei fekk vere med på ein stor konsert i Lisboa hausten 2022.

Begge er sterkt knytt til havet frå oppveksten. Karoline frå Ålesund og summarane på Bjørnsund, Vasco frå Lisboa i Portugal. Vasco har meir enn 8000 dykk bak seg. Han er også fotograf og tar bilde både over og under vann. Bilda hans visast i bakgrunnen, og prosatekster binder songane saman.

Pris per framsyning: Kr. 12 000 pluss reise og opphold

Vi har med eige Pa-anlegg og projektor.

Scenemål: Bredde: ca. 3m, djubde: 2m.

Trenger: moglegheit for å henge opp eit lerret i bakgrunnen.



Humøre og Romsdal på tur

Kvameratene er ein bukett vaksne karer som har godt musikalsk og smittande humør på agendaen. Med kjente og kjære låtar frå dei siste 50 åra og eigne humoristiske songar og betraktnigar over livet, skapar Kvameratene dialog og trivsel.

Songar og kvalifisert tullprat bringer både gruppa og tilhøyrarane inn i ein munter, frodig og svingande oase der gjenkjennbarfaktoren er høg. Vi lurar gjerne folk med på allsong og vi responderer på innspel frå publikum. Men løs snipp og skråblikk blir både humor og alvor traktert på musikalsk vis.

Utøvarar: Ole Foss (song), Tor Hole (song og gitar) og Ole Kjell Orset (bass).

Pris: etter avtale

Lengd på konsert: 40 minutt

Golvlass/scene: 4 x 3 meter

Tekniske krav: Strøm

Kontakt: Ole Foss

Telefon: 905 34 036

E-post: ioletime@gmail.com

En ramme av kjærlighet

Duoen Karin Okkenhaug og Hermund Nygård spiller egenskrevet musikk på norsk. Formen er vise med litt jazzelementer. De spiller litt ulike instrumenter begge to og synger sanger som handler om liv og levd liv. Med tekster som «Barn igjen» som handler om ønsket om å kunne få besøke barndommen for en liten stund, «Historier av levd liv» som er en samtale mellom to fra livet sitt, der det konkluderer med «Det er i det som har levd, vi kan se livet», så opplever duoen at de når inn til de som har levd noen år. Duoen spiller også romatiske kjærlighetsviser som «Vil du bli hos meg» som handler om behovet for å bli elsket, også etter mange år sammen. Duoen opplever å bli invitert tilbake til samme sted de har vært tidligere.

Pris: 5342 kroner per utøvar per dag (to framsyningar per dag), pluss reise, diett og overnatting

Lengd på produksjon: 30 min

Tekniske krav: Utøvarane har med alt dei treng. Treng tilgang til strøm.

Kontakt: Karin Okkenhaug Seim

E-post: karin@okkenhaugseim.no

Tlf: 41569439